

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

## Fordeling av tilskott til friluftslivets ferdsselsårer våren 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve kr 600 000 til plan for friluftslivets ferdsselsårer, fordelt slik:

Søknadnr.	Kommune	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Alver	Friluftslivets ferdsselsårer i Alver kommune	60 000
2	Austevoll	Bygdatrakk i Austevoll	60 000
3	Solund	Friluftslivets ferdsselsårar i Solund, del 2	60 000
4	Vik	Plan for friluftslivet sine ferdsselsårer i Vik kommune	60 000
5	Etne	Friluftslivets ferdsselsårer, Etne - steg 3 og 4	60 000
6	Ullensvang	Friluftslivets ferdsselsårer	60 000
7	Stad	Friluftslivets ferdsselsårer steg tre og fire	60 000
8	Ulvik	Temaplan for friluftslivet sine ferdsselsårer i Ulvik herad, del 3 og 4	60 000
9	Luster	Plan for friluftslivets ferdsselsårer Luster kommune	60 000
10	Hyllestad	Sti- og løypeplan i Hyllestad kommune	60 000
<b>Totalt</b>			<b>600 000</b>

Det vert vist til vedlegg med oversikt over søkjavarar for grunngjeving av vedtaket.

2. Inntil kr 300.000 vert avsett til fylkeskommunal eigendel i søknad til Kartverket om midlar til Universell utforming - Prosjektmidlar til kartlegging og oppdatering i 2021.

## Samandrag

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt, med prosjektperiode 2019-2023, som skal identifisere, ivareta, utvikle og legge til rette friluftslivets ferdsselsårer, gjennom ein eigen plan i kvar kommune.

Planarbeidet er finansiert av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar. Kvar kommune i Vestland kan søke fylkeskommunen om til saman kr 120 000 i tilskot for å lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårer. Kommunane kan søke tilskot i to omganger; kr 60 000 til steg 1 og 2 og kr 60 000 til steg 3 og 4 i planarbeidet.

Kartverket har i mange år hatt ei tilskotsordning til kartlegging av tilgjengeleight og universell utforming. Fylkeskommunen har skapt gode resultat med å delta i dette arbeidet saman med

kommunar og regionale friluftsorganisasjonar. Fylkeseldrerådet handsama sluttrapporten til kartlegging av tilgjengeleghet på turvegar i Vestland 2020 den 14.01.21 i PS 3/21. De oppmodar fylkeskommunen om å gjere meir kartlegging, m.a. ved å søke til Kartverket om løyving for 2021 og å sette av eigne nødvendige løyvingar til prosjektet.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskrivne underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Prosjektet friluftslivets ferdsselsårer er forankra i Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune 2020-2024 (vedteken av fellesnemnda i juni 2019), og er tiltak 13 i handlingsprogrammet. Arbeidet er finansiert av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar.

Vestland fylkeskommune sin rolle i prosjektet er regional koordinering, rekrutter og motivere kommunar til igangsetting, følgje opp enkeltkommunar med rettleiing og å legge til rette for erfaringsutveksling.

Vestland fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd, som gjeld ut 2023. I avtalen skal friluftsrådet tilby kommunane i Vestland fagleg bistand til å få gjennomført prosjektet. Kommunane får tilbod om m.a. bistand til prosjektleiing og til digitalisering av innsamla data.

Arbeidet med å lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårer er per februar 2021 starta opp i 18 kommunar. To kommunar har utarbeidd ein ferdig plan for friluftslivets ferdsselsårer (Voss og Aurland), medan 11 kommunar er i gang med kartlegging av no-status (steg 2 i prosjektet). 8 kommunar søker no om midlar til steg 3 og 4 i arbeidet med å lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårer, medan to kommunar (Luster og Hyllestad) søker om tilskot til å starte på prosjektet.

Fylkesmenn, fylkeskommunar og kommunar kan søke tilskot frå Kartverket til kartlegging av tilgjengeleghet i friluftsområde. DNT, Friluftsråd og interesseorganisasjonar som etablerer eit samarbeid med kommune- eller fylkesforvaltinga, kan og søke om midlar. Målet med tiltaket er å bidra til at fylka og kommunane skal vere i stand til å utvikle og forvalte arbeidet med universell utforming på ein god og varig måte. Kartlegginga gir eit godt grunnlag for dette. Søknadsfrist er i april 2021, og ein får svar på søknaden innan i mai.

Fylkeseldrerådet handsama sluttrapporten «Kartlegging av tilgjengeleghet på turvegar i Vestland 2020» i 14.01.21 i PS 3/21 og har gitt følgande fråsegn: «Fylkeseldrerådet er svært positiv til det arbeidet som er gjort med å kartlegge og registrere dato om dette i Norgeskart. Det er likevel berre 12 kommunar som er kartlagt og registrert så langt. Fylkeseldrerådet ser på slik kartlegging og registrering som eit godt folkehelse-tiltak. Vi vil derfor oppfordre Vestland fylkeskommune om å søke til Kartverket om løyving for 2021 for å kunne halde fram med arbeidet i dei resterande kommunane. Samstundes må fylkeskommunen, om det kjem løyving frå Kartverket, sette av nødvendige løyvingar til prosjektet, tilpassa kva som er mogeleg å få utført i 2021. Målet må vere at innan to år bør alle kommunane i Vestland vere kartlagt og registrert i Norgeskart. Dette vil gjere det enklare for brukarane å kunne finne fram til kva som er tilgjengeleg av turvegar i kommunane. Fylkeseldrerådet ser på ei slik investering som eit godt folkehelse-tiltak og godt i tråd med prioriteringar i høve folkehelsesatsing både frå sentrale styresmakter og i fylkeskommunen.»

For å følge opp kartlegginga som blei gjort i 2020 foreslår fylkesdirektør å sette av inntil kr 300 000 til fylkeskommunal eigenandel i ein søknad til Kartverket om midlar til universell utforming.

### Føremål med ordninga:

Arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer skal auke kunnskapsgrunnlaget om dei ferdsselsårene kommunane har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet. Det er utvikla ein rettleiar frå Miljødirektoratet, plan for friluftslivets ferdsselsårer (M-1292), for å få ein systematisk og metodisk tilnærming til arbeidet.

Arbeidsprosessen har 4 steg:

- Steg 1: Oppstart - forankring/vedtak, utarbeide prosjektplan, etablere prosjektgruppe og annonsering
- Steg 2: Kartlegge no-status - kartlegge kjente ferdsselsårer, turruter og målpunkt, supplere kartlegging ved involvering av eksterne, registrere nye trasear og målpunkt og innhente anna relevant informasjon.
- Steg 3: Kvalitetssikre mål, foreslå tiltak, prioritere
- Steg 4: Samanfatte planen, høyring og vedtak

Eit mål i arbeidet med friluftslivets ferdsselsårer er og at det nasjonale kartgrunnlaget for stiar og tur-rutar skal styrkast. Kommunane skal difor som ein del av planarbeidet, registrere kartlagde og merka stiar, turvegar og løyper i kartverket sin turrute-database.

#### Vedtakskompetanse:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

##### **Generelt:**

Vestland fylkeskommune søkte Miljødirektoratet om 50% statleg medfinansiering til arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer innan fristen 1. mars 2021. Den nasjonale ramma for ordninga i 2021 er kr 6 mill. og Vestland fylkeskommune har søkt Miljødirektoratet om kr 569 000. Desse midlane skal nyttast til prosjektleiing, nettverkssamlingar, reisekostnadjar og prosjektmidlar til kommunane.

Budsjett 2021 (post 460.401): Sum kr 1.110.000 + kr 462.000 overført frå 2020 (statlege og fylkeskommunale midlar)

Søknadsfrist 2021: 15. februar  
Vedtak kriteria: Hovudutval for kultur, idrett og integrering 2.12.2019

Kriteria og informasjon om ordninga: <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/friluftslivets-ferdselsarer/>

##### **Søknadar vår 2021**

Tal på søknadar: 10

Tal på søknadar som vart tildelt støtte:

Samla søknadssum: Kr. 660 000

Samla løyving: Kr. 600 000

Midlar att til fordeling haust 2021 Kr. 660 000

#### **Absolutive kriteria**

Kommunane skal lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårer som følger rettleiar frå Miljødirektoratet, plan for friluftslivets ferdsselsårer (M-1292).

#### **Vurderingskriteria**

- Kommunane skal ha gjort ferdig kartlegging og verdsetting av friluftsområde før dei søker tilskot til friluftslivets ferdsselsårer.
- Kommunane skal ha gjort ferdig, eller kome godt i gang med steg 1 og 2 i prosjektet, før dei får tildelt tilskot til steg 3 og 4.

#### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

Arbeidet med plan for friluftslivets ferdelsårer er eit spleislag mellom kommunar, fylkeskommunane og staten. Midlar til arbeidet med friluftslivets ferdelsårer er lagt inn i budsjettet for 2021. Det vil bli søkt Miljødirektoratet om ytterlegare tilskott til prosjektet innan 1. mars. Tildelinga er i samsvar med budsjett Tilskotsordningar på friluftslivsfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

#### Klima:

I møte med eit framtidig klima, med meir nedbør og ekstremvær, kan det være naudsynt med tilretteleggingstiltak som gjer at stiar og turvegar blir meir klimarobuste og ikkje så utsett for terrenghitasje og erosjon i periodar med mykje regn. Ein plan for friluftslivets ferdelsårer gjer kommunane i stand til å identifisere kor det er behov for nye tilretteleggingstiltak og prioritere kva tiltak som bør settast i verk først.

#### Folkehelse:

Plan for friluftslivets ferdelsårer er eit positivt tiltak i eit folkehelseperspektiv, da arbeidet gjer at kommunane får ein betre oversikt over stiar, turvegar, løpenett osv. i kommunen og ein meir samordna og målretta forvaltning av desse. Betre oversikt over turmogleheitene i kommunen og ei betre tilrettelegging av turstiar o.l., gjer det lettare for befolkninga å drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:

Prosjektet friluftslivets ferdelsårer er forankra i Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune 2020-2024, tiltak 13 i handlingsprogrammet.

Friluftsliv er kanskje den mest utbreidde fritidsaktiviteten i Noreg, og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å syte for at flest mogleg kan gå på tur og drive med andre former for friluftsliv i nærleiken av der dei bur bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse.

Å ha tilgang til friluftslivsområde og gode turopplevelingar i nærområdet er for mange ein viktig kvalitet. Ein kommune som har eit godt friluftslivstilbod og ei aktiv forvaltning og vedlikehald av friluftslivets ferdelsårer vil for mange vere ein attraktiv bustadkommune.

Gjennom ein plan for friluftslivets ferdelsårer kan kommunane ta omsyn til særskilt sårbarer naturområde (t.d. villreinområde) og legge til rette for at friluftslivet skjer på mest mogleg skånsamt og berekraftig vis.

#### Konklusjon:

Fylkesdirektør foreslår at kommunane vert tildelt til saman kr. 600 000,- til plan for friluftslivets ferdelsårer, i tråd med foreslått fordeling. Vidare vert inntil kr 300.000,- avsett til fylkeskommunal eigendel i søknad til Kartverket om midlar til Universell utforming.

#### Vedlegg:

Oversikt over tildelinga

Prosjektplan friluftslivets ferdelsårer